

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	14/1791

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
34/2014	Formannskapet	PS	30.04.2014

Rekneskap og årsmelding 2013

Vedlegg:

Årsmelding 2013 Meland kommune

Årsrekneskap 2013 Meland kommune

Nr 11 Revisjonsrapport Meland Årsrekneskap 2013

Melding frå revisor - Fråsegn om årsrekneskapen

Særutskrift 14/14 Uttale til årsrekneskapen 2013

Saksopplysningar:

Meland kommune leverer i 2013 det beste økonomiske resultatet i kommunen sin nyare historie. Kommunen har eit netto driftsresultat på kr 29,9 mill, som utgjør 6,4 % av sum driftsinntektene. Til samanlikning vart netto driftsresultat i 2012 på kr 2,2 mill (0,5% av driftsinntektene), slik at resultatbetringa i 2013 er på kr 27,7 mill. Trekk ein frå overføringar av momsrefusjon til investeringsrekneskapen og netto avsetningar til fond er resultatet på kr 21,1 mill. Revidert budsjett for 2013 syner eit netto driftsresultat på kr 19,2 mill. Resultatet er såleis kr 10,7 mill betre enn budsjett.

Netto driftsresultat på kr 29,9 mill er disponert slik etter krav i lover og forskrifter:

kr 5,1 mill er momsrefusjon som vert overført til investeringsrekneskapen

kr 5,2 mill er avsetning til bundne driftsfond

kr 1,5 mill er bruk av bundne fond

kr 21,1 mill til anna disposisjon.

Kommunen har pr 31.12.2012 til saman kr 18 073 417 i rekneskapsmessig meirforbruk frå tidlegare år må dekkjast inn. Av dette må kr 13 912 472 dekkjast inn i 2013, medan kr 4 160 675 må dekkjast inn i løpet av 2015. Rådmann gjer framlegg om at heile det rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på kr 18 73 417 vert dekkja inn i 2013.

Etter dette sit kommunen igjen med eit netto mindreforbruk (overskot) på kr 3 007 080, som rådmann gjer framlegg om å avsetje til disposisjonsfond i trå med fylkesmannen sin kommentar i godkjenning av Meland kommunen sitt budsjett for 2014 i skriv datert 11. april 2014.

Kommunen sitt investeringsrekneskap viser at det er føreteke investeringar i anleggsmiddel på kr

47,6 mill, av dette er kr 13,05 mill til vassverk og avlaupsanlegg. Utlån og forskottingar, avdrag på lån og avsettingar er på til saman kr 11,2 mill, slik at årets finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er på kr 58,8 mill. Revidert budsjett var på kr 61,3 mill, slik at det brutto i 2013 er ført kr 2,5 mill mindre i investeringsrekneskapen enn budsjettet.

Framlegg til årsmelding for 2013 og årsrekneskap for 2013 følgjer som vedlegg til saka. Årsmeldinga gjev ei utfyllande forklaring til det gode resultatet.

Framlegg til vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2013 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 007 080,-.
2. Rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på til saman kr 18 73 417 vert fullt ut dekkja inn i 2013.
3. Mindreforbruket for 2013 på kr 3 007 080 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

Formannskapet - 34/2014

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

FS - vedtak:

1. Rekneskapen for Meland kommune for 2013 vert godkjent i samsvar med revisor si melding med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 007 080,-.
2. Rekneskapsmessige meirforbruket frå tidlegare år på til saman kr 18 73 417 vert fullt ut dekkja inn i 2013.
3. Mindreforbruket for 2013 på kr 3 007 080 vert å avsette til styrking av kommunen sitt disposisjonsfond.

, den 22.04.2014

Per Inge Olsen

økonomisjef